

Direkteruta Geitadalstind - Musland på ski


13.03.2018



Geitadalstind og traseen direkte ned til Musland.

Bjørn Olav Tveit har venta i 25 år. På laurdag vart det endeleg noko av å kunna stå på ski frå Geitadalstind og ned i dalbotn ved Musland. Saman med fem tøffe menn på ski var nedkøyringa unnagjort på ein halv time. Den luftige nedturen vart filma, både med drone og med kamera på hjelm. Filmen har alt hatt 1000 visningar på YouTube.

Bjørn Olav Tveit har før køyrt ned dei fleste dalføra i Ulvanoso, mellom anna traseen sør for Kolkjeredalen, ei nedkøyring frå 1100 meter og like ned på Fjellandsbøvatnet på om lag 140 meter over havet. Ei anna nedkøyring han likar godt, går ned Snøkistegjuvet og turen endar i Matersfjorden.



Kartet syner ruta for nedkjøring fra Geitadalstind til Musland.

Tveit ringde nokre vener på onsdag i veka og inviterte til å vera med på nedkjøring frå Geitadalstind. Turen starta laurdag kl. 08 med tur over Låganoso mot Geitadalstind. Med på turen var Christoffer Fossli, Rune Haugland, Sverre Myklebust, Gunnar Helleland og Steinar Albrethson, alle stødige på ski og med god erfaring. Turen var godt førebudd. Gruppa hadde med utstyr for bering i fjellet,- klatreselar, tau, øks og slynge. Alle hadde hjelm og stive gode ski med stålkantar.

Nedkjøringa har fått stor merksemd i det såkalla frikjøringsmiljøet. Bjørn Olav understrekar at turen kan ikkje rekna til det mest ekstreme. Det som er viktig er at det er fast og god snø i hele traseen, at snøen har ei overflate som gjer at det er godt feste. Skredfaren er vurdert på førehånd. Tida var god fordi det i den siste tida har vore kaldt med ein stabil temperatur. Store temperatursvingningar er uheldig. Då får ein ofte glasert skare og større flater med berre is. Den, som skal vera med på dette, må vera god på ski, vera trygg i bratt og luftig terren og må kunna tolka høgde.

Gruppa vurderte å gå opp renna frå Musland for å vurdera overflata, men kutta det i fare for å ikkje løysa ut istappar i den bratte veggen. Den taktiske nedkjøringa vart gjort slik at Bjørn Olav Tveit kørde først. Straks etter kom Christoffer Fossli. Dei stoppa og venta på dei andre. Slik gjekk det etappevis. I beredskap hadde dei isøks og slynge festa til klatreselen. I fall skrens er det å hiva seg ned, hogga øksa i isen og berga seg i tauet.

Jens Ripel filma det heile med drone. I tillegg hadde Bjørn Olav Tveit kamera på hjelm. De kan sjå film frå turen [HER](#).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Kart som syner traseen: Bjørn Olav Tveit

Teknisk hjelp: Thor Inge Døssland